



# Aprilbrev for Stjernene



Då var me snart i april, tida går jammen fort. I mars hadde me ein kjekk månad der me hadde ulike eksperiment og laga fin påskepynt. Barna har lært mange nye påskesongar, og fått med seg påskebodskapen gjennom samlingar og påskevandring. Regnbueløva har kome på besøk i fleire samlingar der me har hatt fokus på kjenslene: trist/ glad, og å trøyta/verta trøyta.

Takk for at de møtte opp på foreldresamtalar, det har vore nyttig og godt !

Temaet for april månad er «Vår». Me vil snakke om kva som skjer i naturen om våren, om vårvinna, blomar som veks opp m.m. Me ser etter vårteikn når me går på tur i nærmiljøet og sår solsikkefrø med ungane.

Fagområdet denne månaden er «Natur, miljø og teknikk»

Hovudmålet for april er «Barna får gle seg over årstida og får kjennskap til miljøvern og samspelet i naturen»

Me fortsetter å ha fokus på prososial åtferd. Prososial åtferd er positive sosiale haldningar og handlingar som å hjelpe, oppmuntre, dele med andre, anerkjenne, inkludere, vise omsorg for osv.

Barna skal og få kjennskap til forteljinga om Sakkeus frå Bibelen. Me snakker om tilgjeving og takknemlighet i samlingar og i kvardagen saman med ungane.

I være sammen samlingane vil me bruke nokre store plansjar som tek for seg ulike sosiale situasjonar med barn. Her håper me at me klarer å skape gode samtalar med ungane.

Måndag 20 april vert det aktivitetsdag, kor me har aktivitetar i lag ute i barnehagen – det vert kjekt

**Minner om at barnehagen stengjer kl. 12.00 onsdag 1 april.** Barnehagen er stengt desse dagane:

- Torsdag 2 april
- Fredag 3 april
- Måndag 6 april
- Torsdag 30 april
- Fredag 1 mai

Me vil ønske dykk alle ein flott april månad og god påske ☺

Med helsing

Signe Kari, Valbjørg, Irene, Stine Terese og Kathrine

